For å oppnå reduksjon av fyrstjenestens drifts- og vedlikeholdskostnader legges det opp til at stasjoner som ikke har navigasjonsmessig betydning overføres til andre. Fyreieendommene har ofte en unik beliggenhet, og som ledd i å sikre allmennhetens interesse anbefaler derfor Regjeringen at disposisjonsretten eller eiendomsretten til nedlagte fyrstasjoner overføres i henhold til følgende prioriteringsrekkefølge:

1. statlige institusjoner
2. kommunale eller fylkeskommunale institusjoner
3. foreninger med allmenntilgynnsomme formål
4. private.

Kommentar til

«Forslag om avhending av statlege fiskerihamner i Herøy»

frå grunneigarane på Skorpa



Moloane på Skorpa ved fjøre sjø.

Skorpa «fiskerihavn»

Det som i rapporten er omtalt som Skorpa «fiskerihavn» består i dag av 2 moloar som vart bygde i 1930-åra. Båtane legg til ved moloen som er nærast land. Utanfor ligg ein høgare molo (kalla «Snikmoljen») som er der for å ta av og dempe det sterke båredraget som det ofte er på Skorpa.

Moloen som båtane legg til ved, vart reparert i 1993 og er i dag i bra stand. «Snikmoljen» er ikkje gjort noko med sidan han vart bygd, og har no skader på toppen. Det er viktig at skaden blir reparert før skaden blir større, då det kan føre til at også den andre moloen blir skada og ubrukbar.

Før Kystverket eventuelt skal avhende anlegget på Skorpa må det også avklarast om dei må/kan reparere skadane på moloen. Om andre skal overta, må ansvaret for dette også vere klart.

Kystverket si vurdering er:» Her er ingen næringsvirksomhet og havna anbefales avhendet».

Sjølv om det ikkje lenger er fastbuande og næringsverksemd på Skorpa, håper vi at samfunnet er villig til å ta eit relativt lite økonomisk ansvar for at Skorpa skal vere tilgjengeleg også for framtidige generasjonar.

Vi må peike på at i motsetning til dei andre hamnene i kommunen som «vurderes avhendet», er moloane på Skorpa den einaste plassen på øya der ein kan kome i land på ein brukbar måte. For at øya i det heile skal kunne brukast no og i framtida, er vi heilt avhengige av moloane blir haldne vedlike.

Vi ser det ikkje som realistisk at ansvaret kan overførast til private eigarar. Dette må vere eit samfunnsansvar, og vi trur det beste ville vere om kystverket/staten framleis har ansvar for dette. Alternativa er då fylke eller kommune, men har dei økonomi og vilje å prioritere dette?

Moloane og Skorpa blir brukte store delar av året av hus- og hytteeigarar. I sommarhalvåret kjem mykje turfolk frå heile distriktet for å gå på fjelltur og besøke krigsminne. Vi vonar at arbeidet med hamnene blir organisert og prioritert slik at Skorpa kan «leve» i lang tid framover.

18.12.2017

For grunneigarane på Skorpa

Leif Skorpen Koparstadvegen 45, 6098 Nerlandsøy

Gunnar Skorpen Vikegjerde 12, 6065 Ulsteinvik

SKORPA:

3.



Øverste bilde viser skader på «Snikmoljen».

Nederste bilde viser dei store kreftene som er i sving når «storebåra» slår mot «Snikmoljen». Bildet er tatt midt i juli.

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 02.01.2018 09:06:35
Til: Brit Berge
Tittel: VS: innspel til avhending av fiskerihavnen på sandeviken

Fra: Per-Odd Sande [<mailto:psande@live.no>]
Sendt: 28. desember 2017 18:31
Til: Postmottak Herøy
Emne: innspel til avhending av fiskerihavnen på sandeviken

På sande er 3 sjarker som må leige bryggeplass andra steder i kommunen på grunn av den ganglause hamnen som ble bygd på åttitallet.ps vi er 6 fiskere i bygda . Eg meiner at vist hamna skall avhendast til grunneigere -event grendalag , så må den først forlenges med ein bøy på ca 50 m i tillegg til mudrigg på den grunneste delen av havnen.Når det gjelder event salg til private utbyggere ,så vil eg ta forbehold om eg må ha minst ca60m fram om mitt sjøhus og kai ,for og legge til på ein forswareleg måte med ein båtpå ca 15 m,vi vil også fortsatt ha fri tilgang til fiskerikaien som er ibruk flere ganger i året for garnstrekking og ombordtaking av vegn,ps dårleg tilflåt ved sjøhus. Adkomstvegen til havna tok ca 150 kvadratmeter av mi sjøhustomt 14-3 den gangen havna ble bygd,så vist event avhending av havna fører til at eg får problemer med og drive min sjark
KRÅKØYSUND M – 59 - HØ Så må eg be kommunen om og få tlvist ny tomt m kaimulighet på leine fiskerihavn som da blir den nermeste for oss.

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10 MITT FORSLAG -FORLENGELSE MOLO -MUDRING -OG SÅ OVERTAGELSE AV
GRENDALAG OG GRUNNEIGERE OG FISKERE SOM ER I BYGDA
HILSEN PER – ODD SANDE KRÅKØYSUND M -59 - HØ

Herøy Fiskarlag;
et lokallag i



V/ Stig Arne Sævik
Sævik
6094 Leinøy

Fosnavåg 03.01.2018

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Svar til høyring "Forslag om avhending av statlege fiskerihamner i Herøy"

Herøy Fiskarlag,(HF), har behandla høyringa ang. avhending av statlege fiskerihamner i Herøy Kommune, og har fyljande merknad til høyringa:

HF viser til rapporten som vurderer Sandebukta fiskerihamn til å vere aktuell for avhending. HF er imot denne vurderinga, og det føreligg nye opplysningar om fiskarar som soknar til hamna.

I følgje dei nye opplysningane er det 8 fiskarar som bur i nærområdet, og som soknar til hamna. Desse vil kunne bruke hamna, også vinterstid, dersom den vert sett i stand til det.

Om moloen vert forlengd 30-40 meter vil det også verte ei brukande hamn vinterstida.

Dei som i dag aktivt brukar hamna og moloen er også redde for at om den vert lagd ut for sal, kan det kome nokon å kjøpe opp heile eller deler av hamneområdet, og i verste fall kaia, slik at dei vert forhindra frå å bruke den som i dag.

Stig Arne Sævik
Leiar

Torbjørn Hide
Sekretær

Kopperstad grunneigarlag
V/Marvin Kopperstad
Koparstadvegen 175
6098 Nerlandsøy

04.01.18

Herøy Kommune
6090 Fosnavåg

Innspel på Kystverket sin rapport om avhending av Kopperstad fiskerihavn

Eg / vi viser til Kystverket sin rapport (oktober 2017) om mulig avhending av fiskerihavner i Herøy Kommune.

Rapportens vurdering: 4 fiskere har tilknytning til denne havna, men de er noe plaget med sjø fra NØ. 2 fiskere har båtene sine liggende i Kvalsund fiskerihavn. Havna er lite benyttet sesongmessig eller av tilfeldige båter.

I seinare tid har det blitt investert i nye båtar, yngre fiskere har satset på oppstart innanfor fiskeri. Noen av disse har òg sjøhus på moloen. Det er svært kostbart å bygge nye naust på andre hamner, og vi frykter at det kanskje vil ta vekk noe av lysten på å kunne satse. Fleire fiskere har flyttet til Kopperstad i seinare tid, og det er naturleg å tru at også disse ynskjer å nytte moloen etter kvart.

Moloen vert elles nytta mykje sesong messig av mange av bygdas bebruarar i høve laksefiske, krabbe / hummarfiske.

Ved ei eventuell avhending av Kopperstad fiskerihavn frykter en at det kan gå ut over sikkerheten av moloen med tanke på sikker fendring av almenningsskai, belysning, snøbrøyting, steinfylling / sikring ved evt uvær.

Vi ber med dette om at Kystverket ikkje avhender Kopperstad fiskerihavn.

Mvh.
Kopperstad grunneigarlag
V/Marvin Kopperstad

SYNFARING STATLEGE FISKERIHAMNER

Herøy 04.05.2017

Deltakarar:

Ole-Einar Jakobsen – Fiskeridirektoratet
Terje B. Misund – Kystverket
Børre Tennfjord – Kystverket
Arnulf Goksøyr – Herøy Kommune
Idar Tarberg – Herøy Kommune
Jon Rune Våge – Herøy Kommune
Erlend S. Vikestrand – Herøy Kommune
Torger Kvalsund – Herøy Kommune
Stig Arne Sævik – Herøy Fiskarlag
Torbjørn Hide – Herøy Fiskarlag

Oppstartmøte

Orientering ved Terje Misund, Kystverket.

- Kystverket har fått i oppdrag frå stortinget å avhende statlege fiskerihamner som ikkje lenger er næringsaktive. St.prp. nr. 1, 2008-2009.
- Grunnlag for avhending: Hamnene er ikkje lenger aktive fiskerihamner og har heller ikkje potensial for å utviklast til det formålet.
Dette kjem av endra bruksmønster av hamner. Eksempel på dette er større båtar med andre krav til blant anna djupne, ingen næringsaktivitet på hamna, ønske om anna bruk av hamn (tildøme til turisme), og liknande.
- Grunnlag for synfaring: Få ei betre oversikt over aktivitetsnivå og bruk av hamnene, der kommunen, lokale fiskeriinteresser og Fiskeridirektoratet deltek.
- Avhendings objekt: Kaier og moloar.
- Prosess: Skal være open, inkluderande og grundig.
 1. Informasjonsskriv (23.02.2017).
 2. Synfaring med orientering og oppsummeringsmøte (04.05.2017).
 3. Utarbeiding av rapport (hausten 2017).
 4. Uttale frå kommunen og fylkeskommunen
 5. Endeleg innstilling etter vurdering av innkomne innspel.
- Avhendingsinstruks (skal være frivillig):
 1. Kommunen/fylkeskommunen
 2. Lag/organisasjonar
 3. Private

4. Andre

- I 2011 hadde kystverket og fiskeridirektoratet ein kartlegging av moglege avhendingsobjekt. Resultatet av denne kartlegginga var som følger:

Hamn	Kystverkets vurdering	Fiskeridirektoratets vurdering
Bøvågen	Kan avhendast	Kan ikkje avhendast
Eggesbønes	Skal ikkje avhendast	Kan ikkje avhendast
Fosnavåg	Skal ikkje avhendast	Kan ikkje avhendast
Kopperstad	Kan avhendast	Kan avhendast med vilkår
Kvalsund	Skal ikkje avhendast	Kan ikkje avhendast
Kvalsvik	Skal ikkje avhendast	Kan ikkje avhendast
Leinevika	Kan avhendast	Kan ikkje avhendast
Remøy	Skal ikkje avhendast	Kan ikkje avhendast
Runde	Skal ikkje avhendast	Kan ikkje avhendast
Sandebukta	Kan avhendast	Kan ikkje avhendast
Skorpa	Kan avhendast	Kan avhendast

Etter denne kartlegginga vart prosessen sett på vent då organiseringa av, og arbeidsoppgåvene til Kystverket var oppe til vurdering.

Anna

- 11 statlege fiskerihamner i Herøy. Dette er gamle hamner, fleire er 100 år eller meir.
- Kystverket gjorde i 2011 undersøkingar på tilstanden til statlege kaier i fiskerihamnene. Det vart utarbeidd tilstandsrapportar for desse.
- Grunneigarerklæringar, kystverket eig ikkje grunn.
- Kystverket ser føre seg vidare investeringar i dei hamnene som består.
- Etter gammal avtale ligg lettare overflatevedlikehald av hamnene på kommunane.

Informasjon ved Stig Arne Sævik, Herøy Fiskarlag

- Informerte om aktiviteten til fiskerinæringa i hamnene.
Tala kjem fram i oppsummeringa under frå dei einskilde hamnene.
- Veksande fiskeri i kommunen, særleg i sjarkflåten (1-2 mannsbåtar).
- Ba om at det vart tatt omsyn til framtidige fiskeriinteresser ved regulering av landareal i hamneområda.

Synfaring

- Det vart brukt ca. 20 min. på kvar hamn.
- Det vart ikkje gjennomført synfaring på Skorpa av praktiske grunnar.
- Det vart ikkje gjennomført synfaring av Fosnavåg hamn då denne ikkje skal avhendast, og tida ikkje rakk til.

Runde hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Ingen aktive båtar. Vert tidvis nytta som liggehamn av fiskerifartøy.
- Vert hovudsakleg nytta til rekreasjon og turisme.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 31 627 422,- (1924 og 1968)

Remøy hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 12 aktive båtar.
- Sysselset ca. 20 mann.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 16 392 234,- (1980)

Leinevika hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 12 aktive båtar (dette inkluderer 2 båtar tilhøyrande Sandebukta hamn).
- Sysselset ca. 70 mann (dette inkluderer 7 mann frå båtar tilhøyrande Sandebukta hamn).
- Anna industriaktivitet: Smådal mekaniske, Westplast AS og Davi Turbo.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 28 779 910,- (1992)

Sandebukta hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- 2 aktive båtar, men med liggeplass på Leinvika hamn
- Sysselset ca. 7 mann.
- Ikkje liggeforhold i hamna grunna straumar i sjøen.
Moloen må forlengast for å betre forholda.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 8 591 496,- (1982)

Bøvågen Hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 3 aktive båtar.
- Sysselset 3 mann.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 1 666 263,- (1967-1968)

Eggesbønes hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 3 aktive båtar.
- Sysselset ca. 40 mann.
- Anna industriaktivitet: Marine Harvest Norway AS, Prosteel AS og Westing AS.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 6 841 414,- (1963, 1973 og 1997) Hovudsakleg til utdjupinga i 1997.

Kvalsvik hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 4 aktive båtar.
- Sysselset ca. 12 mann.
- I tillegg kjem 3 aktive båtar som sysselset 6 mann, men med liggeplass i Fosnavåg.
- Delvise dårlege liggeforhold i hamna grunna straumar i sjøen. Dette er truleg grunna utvaskingar av mindre stein i moloen.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 28 553 929,- (1946-1994)

Kopperstad hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 2 aktive båtar.
- Sysselset 5 mann.
- I tillegg kjem 2 aktive båtar som sysselset 2 mann, men med liggeplass på Kvalsund hamn.

Påkostnader frå Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 4 946 072,- (1954, 1976 og 1993)

Kvalsund hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 12 aktive båtar (dette inkluderer 2 båtar tilhørende Kopperstad hamn).
- Sysselset ca. 14 mann (dette inkluderer 2 mann fra båtar tilhørende Kopperstad hamn).

Påkostnader fra Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 24 141 706,- (1980 og 1993)

Fosnavåg hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Liggehamn for 10 aktive båtar (dette inkluderer 3 båtar tilhørende Kvalsvik hamn).
- Sysselset ca. 80 mann (dette inkluderer 6 mann fra båtar tilhørende Kvalsvik hamn).
- Anna industriaktivitet: Måløy Havneservice AS, Fosnavaag Pelagic AS, Ferd Båt AS og Fosnavåg Notbøteri AS.

Påkostnader fra Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 57 057 713,- (1932-1997)

Skorpa hamn

Fiskeri-/næringsaktivitet:

- Ingen aktive båtar.
- Vert hovudsakleg nytta til rekreasjon.

Påkostnader fra Kystverket (framskriven til 2007):

- Kr. 1 156 350,- (1936)

WTV

Til

Herøy kommune v/ Maritim og teknisk komité
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Runde, 17.12.17	
HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2017/473	Saksbeh.
- 5 JAN. 2018	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	
Kassasjon	

Vi viser til brev frå dykk (Offentleg høyring – Forslag om avhending av statlege fiskerihamner i Herøy) motteke 7. desember 2017.

Kystverket vil avhende fiskerihamner som ikkje er næringsaktive, og per i dag vert ikkje Runde hamn brukt av fastbuande yrkesfiskarar. Vi meiner likevel at hamna er svært nyttig på mange andre område, og at staten dermed bør halde fram som ansvarleg eigar.

Samfunnstryggleik

Skal ein reise til eller frå Runde har ein to alternativ – brua eller hamna. Brua har tidlegare vorte skada både av vinterstormar og av ein båtkollisjon. Stundom har ein vore nøydd til å stenge brua til skaden var utbetra. Skulle brua verte alvorleg skada, vil folk måtte bruke båt til skule, arbeid, butikk, avtalar og i verste fall dokter og sjukehus. I slike tilfelle kan det vere avgjerande å ha ei allmenn, statleg hamn i god stand.

To andre bruer i Herøy, Nerlandsøybrua og Remøybrua, er i dokumentert dårleg stand – hovudsakleg på grunn av korrosjon på armeringa. Rundebrua er om lag 15 år yngre, men ho står derimot langt meir vêrhardt og vert utsett for mykje sjøsprøyt og saltrøk. Dersom omfattande og langvarige reparasjonar må til på Rundebrua òg, vil folket på Runde trenge dagleg, offentlig båtskyss.

Innbyggjarane ved dei andre hamnene det er aktuelt å avhende (Kopperstad, Skorpa og Sandebukt), er i ein heilt annan situasjon med tanke på samfunnstryggleik. Skorpa er avfolka, og innbyggjarane ved dei to andre hamnene har fleire alternative hamner på øyene sine som dei kan nytte. Runde har berre denne eine hamna.

Ei anna side ved samfunnstryggleiken er trongen for ei naudhamn nærast mogleg storhavet. Runde ligg ytst ute, og Runde hamn vil vere ein av dei fyrste stadane ein båt i naud kan berge seg i land. Dette kan fort verte aktuelt, og på Runde hamn er det plass til både mindre og større båtar. Ei slik hjelp kan hindre både miljøskade og ikkje minst tap av menneskeliv.

Næringslivet

I dokumentet frå Kystverket vert hamna definert som "ikkje næringsaktiv". Vi reknar med at Kystverket då utelukkande tenkjer på fiskeri, for her er til tider mykje anna næringsaktivitet. Frå mai til ut august går det skyssbåtar til og frå fuglefjellet dagleg, og på ein sesong kan det vere snakk om nærare 2000 passasjerar. Desse båtane er heilt avhengige av hamna.

Ålesund, Geiranger og Runde er dei tre største turistattraksjonane i Møre og Romsdal. Turistane som kjem til Runde fer rett gjennom hamneområdet, og mange tek ein stopp der for fotografering, matservering, båttur eller rekreasjon. Generell auke i norsk reiseliv skaper inntekter og arbeidsplassar på Runde og i Herøy kommune, og slik kompenserer ny aktivitet for bortfall av tradisjonelle næringar.

Sist, men ikkje minst, vil vi nemne Runde Miljøsentor. Deira forskning er nært knytt til havet, og bruk av båt er ofte aktuelt. Dei får også besøk av t.d. forskningsskip, og då er hamna til stor nytte. Ein kan også tenkje litt vidare og sjå på at det maritime forskingsarbeidet knyter forskning og fiskeri uløyselig saman.

Fortid og framtid

I skrivet frå Kystverket er også verneverdi omtala. Ut frå skildringa av Herøy-hamnene i dette dokumentet, ser det ut til at Runde hamn er den definitivt eldste av dei. Hamna er rundt 120 år gammal, og store deler av henne er uvanleg fint oppmura av handhoggen stein. Det er all grunn til å ta vare på dette meisterverket for ettertida. For å sikre eit slikt kulturminne, er ein stabil og ressurssterk eigar avgjerande.

Runde hamn var fyrst og fremst bygd for folket på øya, men ho var også tenkt som utrorshamn for folk frå andre bygder. Fokuset på miljøvern vert stadig sterkare også i fiskerinæringa, og det har mellom anna vore snakk om batteridrivne fiskebåtar. Då vert nærleik til fiskefeltet gjerne endå viktigare enn i dag, og Runde hamn kunne igjen verte aktuell som "utrorshamn". Hamna ville også vere ein svært naturleg stad for ein ladestasjon.

Hamna er sentrum på Runde. Der ligg tidvis mindre fiskebåtar over natta, og hamna er flittig brukt både av fastbuande og tilreisande med fritidsbåtar – der er til dømes nærare 200 overnattingar ved gjestebryggja kvar sommarsesong. Dei aller fleste institusjonane på øya er lagde til hamneområdet, og dette området vil truleg også vere staden for vidare samfunnsutvikling. Ein kan tenkje seg utviding og utvikling av Runde miljøsentor og bølgekraftverket eller til dømes oppstart av fiskeriverksemdar, reiselivsaktivitetar og industri.

Det er umogleg å vite korleis situasjonen er om 20, 50 eller 100 år. Samfunnet har forandra seg kolossalt sidan hamna vart bygd rundt førre hundreårsskifte. Runde hamn har likevel alltid vore svært nyttig og mykje brukt og vil også truleg vere det i overskodelig framtid. Runde Miljøsentor opna i 2009 – noko ingen kunne sjå føre seg 20 år tilbake i tid. Kven veit kva framtida vil føre med seg av nyetableringar?

Kan hende staten bør tenkje annleis?

I skrivet frå Kystverket vert det skissert fire moglege overtakarar av hamna – statlege institusjonar, kommune/fylkeskommune, foreiningar og private. Det er ikkje spesifisert kva slags statleg institusjon som kan vere aktuell, men vi reknar staten som den mest eigna eigaren. Vi ser uansett helst at Kystverket held fram som eigar så lenge vi ikkje veit kva eit statleg eigarskifte kan føre med seg. Vi ynskjer heller ikkje at kommunen eller


fylkeskommunen tek over. Vi trur det vert svært vanskeleg for dei å finansiere vedlikehald, og eventuelle større reparasjonar vert nok umogleg. Vi er særleg imot at foreiningar eller private tek over. Mange på Runde har stor nytte av hamna, og det må ikkje skje at den allmenne bruksretten forsvinn.

Vi reknar med at denne avhendingsprosessen er i gang over heile landet. Dette kan nok på ulike måtar råke lokalsamfunn på ein negativ måte. Storsamfunnet har dessutan lagt milliardar i å bygge opp denne solide, maritime infrastrukturen. Vi forstår at det er *fiskerihamnene* Kystverket per i dag har ansvar for, men kan hende også Kystverket og deira overordna må tenkje nytt og sjå desse hamnene i eit langt vidare samfunnsnyttig perspektiv.

Samfunnet har endra seg, men Runde hamn har likevel mange svært nyttige og viktige funksjonar sjølv om her ikkje er fastbuande yrkesfiskarar no. Ein må tenkje på samfunnsstryggleiken, anna næringsliv og framtidsutviklinga òg. Vi ser det dessutan som noko korttenkt å avhende den einaste hamna på ei kringflødd øy.

Helsing


Runde Småbåtlag ved leiar Asbjørn Goksøyr



Runde Bryggjelag ved leiar Lars Gunder Golmen


for *Alf Goksøyr* (A. Goksøyr for L. G. Golmen)

Runde Landskyldkasse ved Otto Kalland



Runde Miljøsenter ved dagleg leiar Nils-Roar Hareide

Runde båtskyss ved Bjørn Gustavsen



Runde Grendalag ved leiar Marie Runde

Marie Runde

Kopi: Kystverket



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ESPBER	Arkivsaknr:	2017/936
		Arkiv:	60/64

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
71/17	Maritim og teknisk komite	11.12.2017
6/18	Maritim og teknisk komite	15.01.2018

PER-STÅLE MOLTU GNR. 60 BNR. 64 SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN FOR FRÅDELING AV BUSTADTOMT

Møtebehandling:

Saka vert utsett p.gr.a. veret.
Vert teken oppatt i januar 2018.

Tilråding:

Maritim og teknisk komité vedtek å avslå søknaden om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og frådeling av bustadeigedom, datert den 27.06.2017, med heimel i Jordlova § 9 og §12 og Plan og bygningslova §19-2.

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg

- 1 Søknad om deling grunneigedom
- 2 Følgjeskriv
- 3 Nabovarsel
- 4 Kart
- 5 Tilkomst til frådelt tomt
- 6 Søknad om dispensasjon
- 7 60-64 Ortofoto
- 8 60-64 Plankart
- 9 Landbruksfagleg uttale til søknad om frådeling av bustadtomt frå 60/64
- 10 Gnr. 60 bnr. 64 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppretting av bustadtomt sendt fra Statens vegvesen
- 11 Gardskart 60/64
- 12 Merknader til frådeling av bustadtomt - dispensasjon frå kommuneplan.
- 13 Herøy kommune - frådeling av bustadtomter gbnr 60/64 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan
- 14 Oppretting av bustadtomt -Utvida bruk av avkøyrslø.
- 15 Oversynskart 60/64

Samandrag av saka:

Per-Ståle Moltu har søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for å dele frå ein bustadtomt på om lag 2100 m² frå 60/64. Med sikte på sal til dottera som har plan om å bygge bustad for eige bruk. Rådmannen rår til at søknaden vert avslått med heimel i Jordlova § 9 og § 12 og Plan- og bygningslova § 19-2.

Saksopplysningar:

Den omsøkte området ligg innanfor areal avsett til LNF i gjeldane arealdel til kommuneplan og ligg i sin heilheit innafor utmarksbeite. 1 dekar av område klassifisert som dyrkbar jord av NIBIO. I 2014 vart det løyvd midlar frå Særskild miljøtilskot i jordbruket (SMIL) for å sette i stand utmarksgjerdet på Moltu, der hensikta var å ha dyr på beite i utmarka. Utmarksgjerde er bygd slik at det går i grensa til den omsøkte bustadtomta og avskjerer tilkomsten til omsøkt tomt.

Areal i si heilheit ligg innanfor omsynssone for skred i bratt terreng, men ein uavhengig geologisk skred-farevurdering rapport vurderer at omsøkt areal har tilstrekkeleg tryggleik jf. PBL § 28-1 og tryggleiksklasse S2 jf. TEK 17 kap. 7.

Søklar har tidligare søkt om utvida bruk av avkjørsel til fylkesvegen, men då det ikkje var gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan vart ikkje denne søknaden vurdert av Statens Vegvesen. Søkar må søkje på ny ved eventuell godkjend dispensasjon.

Søkar opplyser at dispensasjonssøknaden er grunngjeve i særlege personlige omsyn. Der hensikta med søknaden er at eit familiemedlem skal bygge på omsøkt tomt, der vedkomande ynskjer å busette seg umiddelbar nærleik av familie, grunna tilsyn og oppfølging av familiemedlem med særlege behov.

På nordsida av fylkesvegen er det avsett areal til bustad (B29) i arealdelen til kommuneplanen, samt 1 km lengre aust på Moltustranda er det fleire bustadfelt med ledige tomtar.

Følgande utale frå sentrale høyringsinstansar ligg føre:

Saka har vore på høyring til sentrale styringsmakhtar og dei har kome med følgande uttale:

Statens vegvesen:

Statens vegvesen si vurdering er at eventuell oppretting/etablering av omsøkte tomt ikkje vil vere i tråd med målsetjingar nedfelt i Herøy kommune sin kommunedelplan for trafikktrygging 2015-2018.

Vidare visar Vegvesenet til plan og bygningslova §19-2, der ein kver dispensasjon må ha klart større fordelar enn ulemper. Til slutt konkludera Statens vegvesen med:

«Statens vegvesen rår etter dette ifrå at det vert dispensert frå kommuneplanen som omsøkt.»

Fylkeskommunen:

«Møre og Romsdal fylkeskommune har ut ifrå sine ansvarsområder ingen særskilte merknadar.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

«Fylkesmannen merkar at det omsøkte arealet ligg på ein rygg og det ifrå kartet ligg på ein noko eksponert rygg, og difor burde det varte stilt krav til utforming og plassering av framtidig bygg for å unngå uheldig landskapsverknad. Elles har ikkje Fylkesmannen i Møre og Romsdal merknadar.»

Vurdering:

Vurderingar som talar for å gje dispensasjon:

Normalt sett skal ein vera varsam med å dispensera frå LNF – formålet, og ein dispensasjon skal normalt ikkje gjevast på grunnlag av personlege årsakar.

Slik ein vurderer det har søkar, Per-Ståle oppgitt i dispensasjonssøknaden og tilhørande følgjeskriv oppgitt at søknaden er grunna i personlege årsakar. Der eit familiemedlem vil busett seg i nærleiken til eksisterande bustad på 60/64, med tanke på tilsyn og oppfølging av eit anna familiemedlem med personlege behov som bur der. Normalt vil personlege grunner ikkje vektleggjast i ein dispensasjonssøknad, men i denne søknaden vurderer kommunen at grunngjevinga er såpass konkrete at det kan kunne vektleggjast.

Med omsyn til kommuneplanen og gjeldane arealforvaltning er det fleire areal i nærleiken av omsøkt areal som er avsett til bustadføre mål i gjeldane arealdel. Ein kan vise til at søkjar heller burde sjå til dei områda for å busett seg, men då grunngjevinga kan tolkast til at direkte nærleik til familiemedlem er hovudmomenta i søknaden. Vidare vil eit avslag potensielt føra like mykje trafikk til 60/64, om ikkje meir, for tilsyn. Kommunen vurderer vidare at dette heller ikkje vil vera i tråd med gjeldande kommuneplan, og at ein dispensasjon vil kunne føre til mindre trafikk, då søkjar slepp å nytte bilen for å føre tilsyn med familiemedlemmet.

Vidare merkar kommunen seg at hovudmomenta frå høyringspartar og landbrukskontoret er at det er uheldig å skilje ut ein bustadtomt i LNF område, slik det er søkt om. Ein kan vurdera at omsøkt tiltak ikkje vil ha ann mindre påverknad på drift av landbruket område. Endringa vil ikkje hindre beite i utmarka, då tiltaket er søkt samlokalisert med eksisterande bustad.

Vurderingar som talar i mot å gje dispensasjon:

Omsøkt tiltak vil auke ferdsel langs fylkesvegen, og derfor påverke tryggleik til mjuke trafikantar og auke i biltrafikk. Både frå utkøyringa til fylkesvegen og på fylkesvegen. Dette er ikkje i tråd med målsetningane nedfelt i Herøy Kommune sin kommunedelplan for trafikktrygging, 2015-2018.

Totalt areal på eigedomen er 13,8 dekar. Alt areal har arealklasse jorddekt fastmark. Utdrag av § 9 i jordlova – dyrka og dyrkbar jord

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Grensa til omsøkte bustadtomta med tilkomst vil avskjere utmarksgjerde slik det er bygd i dag. Viss det vert gitt dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan og gitt løyve til å dele frå ein bustadtomt, må det gjevast på vilkår at utmarksgjerde skal flyttast i ytre kant av tomte, og oppsetting av nytt gjerde må settast opp på søkjar si rekning.

Samla sett vil eit positiv vedtak i saka medføre ei nedbygging av drifta beite, ein potensiell auke i mjuke trafikantar langs fylkesveg 10.

Konklusjon:

Konsekvensar for samfunnstryggleik:

Omsøkt areal ligg innanfor omsynssone for skred, og det ligg føre ein uavhengig skredfarevurdering som stadfestar at omsøkt område har tilstrekkeleg tryggleik for bustadsføremaal, sikkerheitsklasse S2, i høve TEK 17.

Konsekvensar for beredskap:

Søkar har skissert at tilkomst til tomte vil ha ein stigning på under 12%, og vil difor ikkje ha ein påverknad på utrykking av naudetatar til omsøkt tomt.

Rådmannen vurderer at søknad om dispensasjon ikkje kan godkjennast etter ein samla vurdering, då fordelane ikkje kan synast å vera større enn ulempene. Rådmannen vurdera at ønskje om å bu i nærleiken til familien vil vere ivaretatt ved å busett seg på område i nærleiken som avsett til bustadføremaal i arealdelen til kommuneplanen. Difor kan ikkje rådmannen vektelegg dette som eit moment i samla vurdering av dispensasjonssøknaden.

Det vil vere uheldig å skilje ut ei bustadtomt i LNF området, slik det er søkt om, då det er i strid med kommuneplanen. Rådmannen rår difor i frå at det vert gitt løyve til omdisponering av 1 dekar dyrkbar jord jmf. §9 i jordlova. Rådmannen rår og i frå at det vert gitt løyve til å dele frå 2,1 dekar jmf. §12 i jordlova.

Etter samla vurdering kan Rådmannen ikkje sjå at krava stilt i § 19-2 i Plan og Bygningslova er innfridd, då tiltaket førar med seg større ulemper enn fordelar.

Rådmannen rår til at søknaden dispensasjon frå kommuneplanen om frådeling av 2,1 dekar til bustadføremål vert avslått med heimel i jordlova § 9 og § 12 og Plan og bygningslova § 19-2.

Fosnavåg, 27.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Espen Bergø

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN

Herøy 2017/936

27 JUNI 2017

Ark kode P _____
Ark kode S _____
J nr. _____ Dok nr. _____
Kassasjon _____

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- ☒ I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- ☐ II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- ☐ III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllest ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
60	64			Per-Ståle Moltu
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr.	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

☒ Deling og oppmålingsforretning av:

☒ Ny grunneigedom

☐ Anleggseigedom

☐ Anna: (spesifiser) _____

☐ Arealoverføring (hugs skjema: Erklæring om arealoverføring.)

☐ Oppretting av festetomt

☐ Oppretting av punktbeste

☐ Anna: (spesifiser) _____

☒ Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)

3b. Rekvisisjonen gjeld:

☐ Grensejustering (matrikkelforskr. § 34)

☐ Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36)

☐ Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr. §31)

☐ Registering av uregistert jordsameige (matrikkelforskr. § 32)

☐ Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	2100 m ²	BUSTAD	☒	☐	Gnr. Bnr.
2	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
3	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
4	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
5	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
6	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.

5. Arealdisponering

☒ Kommuneplan ☐ Kommunedelplan ☐ Reguleringsplan(område/detalj) ☐ Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf. pbl § 68.

☒ Ja ☐ Nei (Viss nei, må kompenserande tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgsrent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? ☐ Nei ☒ Ja, avstand: 60 m Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? ☐ Nei ☒ Ja, avstand: m

vassledning over tomta

8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

☐ Riksveg ☒ Fylkesveg ☐ Kommunal veg ☒ Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

☐ Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)

☒ Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggjast ved.

Er løyve til avkøyrslø gitt? ☐ Ja ☐ Nei

9. Vassforsyning/avlaup - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk: ☐ Ja ☐ Nei

Offentleg avlaupsanlegg: ☐ Ja ☐ Nei

Privat vassverk: ☒ Ja ☐ Nei

Privat avlaupsanlegg: ☒ Ja ☐ Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggjast ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggjast ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

___ Utvida liste over heimshavar/revkirentliste

☒ Kart/situasjonsplan

☒ Fråsegn, samtykkje, løyve

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

☒ Gjenpart av nabovarsel

___ Private bruksrettar (servituttar)

☒ Disposisjonssøknad

___ Andre vedlegg:

11. Andre opplysningar

-andre opplysningar: sjå eige vedlagt ark

12. Underskrift av heimshavar/revkirent

Dato

Revkirenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Revkirenten si underskrift

Adresse

Moltuvegen 241

Postnr/stad

6076 Moltustranda

E-postadresse

p-smoltu@online.no

Telefon

97689525

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt revkirent)

Dato

Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

26.06.2017 Per-Ståle Moltu

Per-Ståle Moltu

Postnr/stad

Underskrifter - andre aktuelle parter		
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift
Navn		Adresse
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)		Partsstilling (Heimelshaver,nabo,kjøpar,berørt)
Sted	Dato	Underskrift

Rettleiing til skjema "Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning"

1. Sakstype – rekvisisjon

- I. Godkjenning etter plan og bygningslova, sjå punkt 3a.
- II. Utsetje opprettelse av ny matrikkeleining etter å ha fått løyve etter plan og bygningslova.
- III. Godkjenning etter matrikelova, sjå punkt 3b.

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar)

Fyll inn aktuell(e) avgivare/eigedomar med fullstendig matrikelnummer (gnr/bnr/fnr/snr) og kven som har heimel til grunn. Dersom ein ikkje får plass under pkt 2 kan ein nytte tabell på side 3 "Underskrifter - andre aktuelle parter."

3a. Søknaden gjeld / 3b. Rekvisisjonen gjeld:

Fyll inn aktuell sakstype søknad/rekvisisjonen gjeld. Dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, frå §1-8 i Plan- og bygningslova vedk. forbod mot byggje- og deleforbodet i 100 metersbeltet langs strandsona og frå gjeldande regulerings- og bebyggelsesplanar med tilhøyrande føresegner. Søkjaren må klarlegge kva det vert søkt om dispensasjon frå og dokumentere at det ligg føre særlege grunnar for at dispensasjon bør gjevast, jfr. [PBL §19-2](#). Eige skjema skal nyttast for å søkje om dispensasjon.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Før opp arealbehov (m²), formål for parsellen, sjølvstendig eining eller tilleggsareal til eksisterande eigedom. Dersom det er snakk om tilleggsareal skal ein føre opp eigedomen som skal motta tilleggsarealet.

5. Arealdisponering

Før opp planstatusen for området som er omsøkt, namn på plan, utnyttingsgrad både for ny og restparsell.

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Søklar skal vurdere om det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot rasfare, flaum grunn og miljøtilhøve, jfr. [Pbl §68](#).

7. Avstandar

Dersom det ligg ledningar i luft eller grunn må dette førast opp her. Legg gjerne ved eitt kart der ein har teikna inn ledningane (alle typer, vatn, avløp, kabel, straum osv.).

8. Tilkomst - jfr. [pbl § 66 nr. 1](#) og veglova §§ 40-43

Det er eit krav at tomter skal ha lovleg tilkomst jfr. [PBL §66](#). Erklæringar/avtalar som sikrar lovleg tilkomst skal følgje med søknaden.

9. Vassforsyning/avlaup - jfr. [pbl §§ 65 og 66](#)

Ved private enkeltanlegg og private fellesanlegg for avløpsvatn, krev kommunen til vanleg at søknad om utleppsløyve vert fremma samstundes med søknad om frådeling av byggjetomt (jfr. [forureiningslova](#) og [Forskrift om begrensning av forurensning](#)).

10. Vedlegg

Før opp aktuelle vedlegg, nummerert, her.

11. Andre opplysningar

Her kan ein føre opp andre aktuelle opplysningar som vil ha betydning for saka.

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Som hovudregel skal rekvisisjon eller søknad om oppretting/ending av matrikkeleining underskrivast av vedkomande som har grunnboksheimel til eigedomen, dvs står som eigar i grunnboka hos tinglysinga. Det finst ein del spesielle tilfelle der også andre kan vera rekvirent, jfr. [matrikellova §9](#).

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Som hovudregel vert faktura sendt til rekvirent. Dersom andre skal få tilsendt faktura for utført arbeid skal det førast her.

Situasjonskart, eks.1:



Det kommunale eigedomskartet held god kvalitet og kan nyttast som grunnlag. Her er grensene er kartlagde/koordinatfesta.

Situasjonskart, eks.2:



Legg ved målsatt skisse med påførte lengder og areal der det kommunale eigedomskartet er mangelfullt.

Ovanfor har ein vist ulike eksempel på situasjonskart som skal ligge ved søknaden. Situasjonskartet skal vere av ein slik kvalitet at det ikkje er tvil om kvar dei nye grensene er meint å gå.

Situasjonskart kan takast ut på www.sunnmorskart.no



Plan og bygninglov, matrikkellov, veglov m.fl. finn ein på www.lovdata.no

På heimesidene til kommunen finn ein fleire aktuelle skjema m.a nabovarsel, gjenpart av nabovarsel.

Herøy kommune,
Postboks 274,
6099 Fosnavåg

Gjeld søknad om fradeling av bustadtomt frå 60/64 på Moltustranda

Med dette vil eg søkje om fradelingsløyve for ei bustadtomt på Moltustranda. Den omsøkte tomte ligg på gnr. 60, bnr. 64.

Vi har sjølve fått frådelt tomt frå dette bruksnummeret i 1984 (bnr. 345). Vidare vart huset og innmarka på bnr. 64 vart frådelt i 1997 til bnr. 384, slik at noverande 60/64 berre er ein blokkrik utmarksteig. Det tidlegare bruket (60/64) har ikkje vore i drift på over 50 år, og i 1967 vart løa riven.

Grunnen for søknaden er at dotter vår, Ida Moltu, ynskjer å bygge hus på den omsøkte tomte. Ida og søstera, Anne-Marte, kjem til å overta eigedomane våre på sikt. Det er eit sterkt ynskje frå Ida at ho får bu nær søstera – som treng oppfølging og tilsyn p.g.a. funksjonshemming, men som elles klarer seg i eiga leilegheit i barndomsheimen. Elles er Ida sterkt knytt til området ho har vakse opp i, og her er fleire barnefamiliar som har etablert seg i seinare tid.

Tomta er bratt og steinrik, men vi har hatt entreprenør for å vurdere tilkomst og utgraving av tomt. Dette meiner han skal la seg gjere utan store problem.

På utmarkstykket er det eigen brønn, og vatn er tenkt teke frå denne. Vassleidning frå brønnen går over tomte.

Kloakken er tenkt ført over slamavskiljar dimensjonert etter gjeldande krav. Vidare kan kloakkleidning knytast på vår leidning frå bnr. 345. Denne leidninga går nærare 200 m. austover til kanal.

Tomta har ein avstand frå fylkesveg på over 50 meter. Det eksisterande løyvet til avkøyrsløp til fylkesveg frå bnr. 345 er tenkt søkt utvida.

Tilkomst til tomte vidare er tenkt å gå på eksisterande veg til bnr. 345 og vidare austover før den svingar sørover/oppover på grunnen til bnr. 27 langs grensa til bnr. 345. Her har vi så langt munnleg avtale med grunneigar av bnr. 27 om dette. Vidare løyve/søknad om dette får kome etter kvart. Den tenkte vegen er innteikna på kartet.

Med omsyn til rasfare, vil vi få gjort ei vurdering av geolog dersom vi får positiv tilbakemelding på søknaden.

Den omsøkte tomte er på om lag 2 dekar, og resten av bnr. 64 vert då på om lag 12 dekar. Då det er våre etterkomarar som likevel skal ta over på sikt, ber vi om råd om kva som er mest tenleg - at heile stykket vert overdrege no, eller at ei tomt vert frådelt til byggeformål. Dersom søknaden om fradeling av tomt vert imøtekomen, kan det vere aktuelt å selje resten av stykket til tilleggsareal til nabobruk.

Vi tek gjerne imot råd og tilbakemelding om korleis gå fram i denne saka. Dersom noko i søknaden er uklart, ver venleg å ta kontakt.

Med helsing
Per-Ståle Moltu,
Moltuvegen 241,
6076 Moltustranda

Mobil: 97689525
E-post: p-smoltu@online.no

Gjenpart av nabovarsel

for tiltak etter plan- og bygningslova (PBL)

Vedlegg 1

Vedlegg nr.

C-

Kommunens saksnr.

Til :

HERØY KOMMUNE

POSTBOKS 274
6099 FOSNAVÅG

For oppført eigedom nedanfor er det i henhold til bestemmelsar i § 21-3 i plan- og bygningslova av 27.juni 2008 nr.71, sendt følgjande nabovarsel:

Tiltak på eigedomen:

Matrikelnr: 1515 - 60/64

Eiendomsadr:

Eier/fester MOLTU PER STÅLE

Adresse: MOLTUVEGEN 241

6076 MOLTUSTRANDA

Kopi av dette dokument utan vedlegg skal sendast til kommunen, samtidig som naboar vert varsla.

Det vert varsla herved om

☐ Søknad om tiltak som krev tillatelse etter plan- og bygningslova § 20-1 og §20-2

☐ Nybygg

☐ Anlegg

☐ Endring av fasade

☐ Riving

☐ Skilt

☒ Eigendomsdeling eller bortfeste

☐ Innhegning mot vegg

☐ Bruksendring

☐ Dispensasjonar

Anna

- beskriv

☐ Driftsbygning i landbruket pbl § 81

☒ Dispensasjonar

☐ Mindre byggearbeid

☐ Skilt

Skriv nærmere om kva nabovarselet gjeld

Frådeling av bustadtomt.

Vedlegg

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant ☐
Dispensasjonssøknader	B	Vedlegg 5	☐
Situasjonsplan	D	Vedlegg 4	☐
Fasadeteikningar og snitt	E		☒
Andre vedlegg	J	Vedlegg 6	☐

Adresser



Søknaden er lagt ut på besøksadresse:

Ansvarleg søker si postadresse:

Moltuvegen 241, 6076 Moltustranda

Eventuelle merknader må vere ihende ansvarleg søker innan 2 veker etter at dette varselet er sendt. (Kopi kan sendes kommune)



Søknaden kan sjåast hjå kommunen på adresse:

Herøy kommune Rådhuset, 6099 Fosnavåg

